



INDERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Planutvalget

Møtested:	Møtedato	Kl.
Inderøy samfunnshus	25.08.2008	08.30

Medlemmene innkalles med dette til møtet. Eventuelle forfall må straks meldes administrasjonsavdelingen, tlf.: 74 12 42 00. Varamedlemmer møter bare etter nærmere varsel.

Saksdokumentene ligger til alminnelig ettersyn på administrasjonsavdelingen fram til møtedato.

TILLEGG SAKSLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel	Emnekode
0017/08	05/01166	503

REVIDERING AV KOMMUNEDELPLAN RØRA - FRAMDRIFT

Inderøy, 19.08.2008

for Anita Axelsson
leder
Dagbjørn Linkus
Sekr.

REVIDERING AV KOMMUNEDELPLAN RØRA - FRAMDRIFT

Saksbehandler: Kristin Volden
 Arkivsaksnr.: 05/01166-023

Arkiv: 503

Saksnr.:	Behandlingsorgan	Type avgjørelse	Møtedato
0017/08	Planutvalget	Uttalelse	25.08.2008
0072/08	Formannskap	Vedtak	27.08.2008

RÅDMANNENS FORSLAG:

Inderøy kommune gjennomfører planprosessen med kommunedelplan Røra etter revidert framdriftsplan i planprogrammet.

RÅDMANNENS SAKSUTREDNING:**VEDLEGG:**

1. Planprogrammet for revidering kommunedelplan Røra
2. Saksprotokoll frå 25.04.07- vedtak av planprogrammet
3. Saksframlegg frå 25.04.07
4. 12 innspel under høyringsrunden til planprogrammet.

HENVISNING:**BAKGRUNN:**

Er miljøvurdering relevant? Kryss av: Ja Nei
Dersom 'ja' fyll inn liste (lagret på felles O:\skjema\milj.doc). Dersom 'nei' er liste ikke vedlagt.

Kommuneplan for Røra vart vedteken i 1998. Det vart starta opp arbeid med ny kommunedelplan i 2005 saman med revidering av kommuneplanens arealdel. I ettertid vart det bestemt at kommunedelplan Røra skulle reviderast etter at kommuneplanen, og etter ny forskrift om konsekvensutredningar vart det utarbeidd planprogram som planutvalet/komite organisasjon vedtok den 24.04.07 og 25.04.07.

Arbeidet med kommuneplanen var vanskeleg å gjennomføra etter planprogrammet på grunn av andre oppgåver og nedbemanning av etaten.

VURDERING:

Etter 1. august vil arbeidet med kommunedelplan Røra bli starta opp på nytt. Det er sett opp nytt utkast til framdriftsplan for revidering av kommuneplanen i planprogrammet med tanke på å gjennomføra planprosessen med vedtak i juni 2009. Forslag til framdriftsplan er følgjande:

Tidsrom	Planprosess
Februar-mars 2007	Planprogrammet sendes på offentlig høring og ettersyn med frist 1.april.(minimum 6 veker)(PBL§33-2/forskrift§5)Annonsering oppstart av kommunedelplanen for innspel med frist 1.april. (PBL. §20-5, 1.ledd)
April 2007	Politisk behandling av planprogrammet i planutvalet og komite organisasjon (PBL §33-2/forskrift §6)
September-november 2008	Utarbeiding av eit førebels utkast til kommunedelplan, kart og tekstdel.
Desember 2008	Møte med sektoretatane og styringsgruppa for gjennomgang av utkast til plan.
Februar 2009	1.gangs behandling av kommunedelplanen i planutvalet og komite organisasjon.(PBL § 20-5, 2.ledd)
Mars- april 2009	Utkastet blir sendt på 1.gangs offentlig ettersyn og høring med minimum 3 vekers frist.
Mai 2009	2.gangs behandling i planutvalet og komite Natur.
Juni 2009	Vedtak i kommunestyret og kunngjering av vedtak etter PBL.§20-5, 8 ledd.

KONKLUSJON:

Planprosessen med kommunedelplan Røra blir sett i gang og gjennomført etter revidert framdriftsplan.

Inderøy, den 12.08.2008

Jon Arve Hollekim/s
rådmann



INDERØY KOMMUNE

7670 INDERØY

PLANPROGRAM

REVIDERING AV KOMMUNEDELPLAN RØRA/HYLLA.

Innholdsliste.

PLANPROGRAM.....	1
1. Kva er eit planprogram.....	2
2. Bakgrunnen for revidering av kommunedelplan Røra/ Hylla.....	2
3. Overordna rammer og skisser for planarbeidet.	2
3.1. Nasjonale retningslinjer.....	2
3.2. Regionale retningslinjer.	3
3.3. Kommunale retningslinjer/temakart.....	3
4. Tema og problemstillingar som skal vurderast i planen.	3
5. Organisering av planprosessen.....	4
6. Framdriftsplan for revidering av kommuneplanen.....	4
Tidsrom	4
Planprosess	4
7. Vedlegg til planprogrammet	4
8. Adresseliste	5

1. Kva er eit planprogram.

I forskrift om konsekvensutredningar – planlegging etter Plan og Bygningslova , §5 fjerde og femte ledd sagt følgjande om planprogram:

” Forslag til planprogram for overordna plan skal avklare rammer og premisser og klargjøre formålet med planarbeidet . Programmet skal beskrive kva slags utbyggingsstrategiar og alternativ som blir vurdert. ”

Kommunedelplan er omfatta av forskrifta dersom planen viser kart med juridisk bindande arealkategoriar etter PBL §20-4 og supplert med bestemmer om arealbruken.

2. Bakgrunnen for revidering av kommunedelplan Røra/ Hylla.

Kommunedelplan for Røra/Hylla vart vedteken i 1998. Når Inderøy kommune starta opp revidering av arealplanen for Inderøy kommune i 2005, var revidering av kommuneplanen for Røra med. I innspelperioden vart det halde grendemøte som i grendene elles, men responsen var liten og Inderøy kommune bestemte at arbeidet med arealplanen skulle avsluttast før ein gjekk vidare med kommunedelplanen på Røra og Hylla. I ettertid har det vore arbeidd med ny småbåthamn ved Hylla utan at noko er bestemt.

I tillegg har det og vore arbeidd med utviding av eksisterande industriområde.

Sidan kommunedelplanen vart vedteken, er det kome på plass nytt kryss på Røra med planfri overgang for jernbanen. Dette medfører nye utfordringar til området rundt jernbanen.

Det er og regulert inn eit nytt felt med 8 einebustader og eit bygg med 6 husvære i Austadlia .

Dette bustadområdet var ikkje med i kommunedelplanen, med behandla som privat reguleringsplan.

3.Overordna rammer og skisser for planarbeidet.

3.1.Nasjonale retningsliner.

Dei nasjonale retningslinene for utarbeiding av kommuneplanen er lagt i Plan og Bygningslova §20.

I PBL §20-4 omhandlar særskild arealplanen, der dei ulike formåla kan delast inn i :

1. Byggeområde(bustadbygging, næring, offentleg område med vidare)
2. LNF. (landbruk, natur og friluftsliv)
3. Område for råstoffutvinning
4. Bandlagte område
5. Område for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag.
6. Viktige ledd i kommunikasjonssystemet.

I tillegg kjem nasjonale retningsliner for barn og unge og trafikktryggleik.

3.2. Regionale retningslinjer.

Dei regionale retningslinjene er nedfelt i felles fylkesplan for Nord- og Sør Trøndelag for 2005-2008.

Arealdisponeringa skal skje ut frå ei fornuftig balanse mellom bruk og vern av areal og det skal utviklast strategiar for kulturlandskapet.

3.3. Kommunale retningslinjer/temakart.

Inderøy kommune har vedteke kommuneplan – generell del der kommunen har laga ein visjon med mottoet ” Gjør det gode betre”. Inderøy kommune skal vera ein attraktiv kultur, bu og utviklingskommune.

Arealpolitikken skal ta utgangspunkt i følgjande målsetjingar :

- Kulturlandskapet skal vernast og utviklast på lang sikt
- Strandsona skal prioriterast for folk flest.
- Klart skilje mellom tettbygde og ubygd område.
- Medverka til å få ei bærekraftig landbruksnæring.
- Areal med formål utbygging skal ha høg utnyttingsgrad
- Opptre smidig til næringsutvikling og tilleggsnæringar i landbruket.
- Grøne lunger i tettstadane.
- Byggeområda skal leggjast til rette for funksjonshemma
- Gang/sykkelvegar må byggjast ut i eksisterande og nye byggeområde.

I tillegg vil følgjande temakart og retningslinjer bli vektlagt i planarbeidet:

- Støy. Det kan vera aktuelt å arbeida ut støysonekart i forhold til jernbanen og E6.
- Kvikkleireområde. NVE vil i løpet av 2007 få arbeidd ut kart som viser faregrads, konsekvens- og risiko for kvikkleire i kommunen.
- Biologisk mangfaldkart med nasjonal, regional og lokale verdiar.

4. Tema og problemstillingar som skal vurderast i planen.

Byggeområde etter PBL §20-4,nr1:

1. Tilgjengeleg areal for bustadformål med variert tilbod.(einebustader /leilegheiter , sentrumsnært og eksisterande areal med bustadformål i forhold til nye areal)
2. Utviding av næringsareal(industriområdet ,Røra fabrikk, campingplass, forretningsområde)
3. Offentleg område (Røra Skule, Salberg kyrkje)

LNF- område etter PBL §20-4,nr 2:

1. Vurdere areal med spreidd næring eller bustadformål.
2. Sjå på område for tiltak innanfor landbruk pluss/tilleggsnæringar.

Område med særskild bruk eller vern av sjø etter PBL.§20-4,nr 5:

1. Plassering av ny båthamn innanfor kommunedelplanen.(Avklaring av ulike alternativ ved Hylla og Koa.)

Viktige ledd i kommunikasjonssystemet etter §20-4 nr. 6:

1. Etterspurnad etter gang/sykkelvegar. (dette gjeld særskild langs E6 og riksvegen.)

2. Opprustning av vegar som er viktig for næringslivet.
3. Å leggja til rette for eit betre og meir variert kollektiv transporttilbod. (utforma Røra stasjon som ein attraktiv stoppestad)

5. Organisering av planprosessen.

- Aktuelle samarbeidspartnarar under planprosessen er ulike sektoretatar som fylkesmann, fylkeskommune, statens vegvesen og Jernbaneverket.
- Andre samarbeidspartnarar er grunneigarar i sentrumsområdet og lag og foreiningar som har interesse innanfor planområdet. Det er viktig å få fram interessene kring Røra fabrikkar og avklaring om framtidig småbåthamn.
- Planen skal behandlast etter PBL. §20-5. Planutvalet vil fungera som styringsgruppe for arbeidet, medan den administrative arealplangruppa og saksbehandlar vil ha faglege utforminga av utkast til kommunedelplan for Røra/Hylla.

6. Framdriftsplan for revidering av kommuneplanen.


Tidsrom	Planprosess
Februar-mars 2007	Planprogrammet sendes på offentleg høyring og ettersyn med frist 1.april.(minimum 6 veker)(PBL§33-2/forskrift§5)Annonsering oppstart av kommunedelplanen for innspel med frist 1.april. (PBL. §20-5, 1.ledd)
April 2007	Politisk behandling av planprogrammet i planutvalet og komite organisasjon (PBL §33-2/forskrift §6)
September-november 2008	Utarbeiding av eit førebels utkast til kommunedelplan , kart og tekstdel.
Desember 2008	Møte med sektoretatane og styringsgruppa for gjennomgang av utkast til plan.
Februar 2009	1.gangs behandling av kommunedelplanen i planutvalet og komite organisasjon.(PBL §20-5, 2.ledd)
Mars- april 2009	Utkastet blir sendt på 1.gangs offentleg ettersyn og høyring med minimum 3 vekers frist .
Mai 2009	2.gangs behandling i planutvalet og komite Natur.
Juni 2009	Vedtak i kommunestyret og kunngjering av vedtak etter PBL. §20-5, 8 ledd.

7. Vedlegg til planprogrammet

1. Kart i målestokk 1: 12000 med oversiktskart over området innanfor plangrensa til kommunedelplan Røra/Hylla.
2. Eksisterande kommunedelplan for Røra/Hylla i målestokk 1:15000

8. Adresseliste

Fylkesmannen i Nord-Trøndelag	Statens Hus, 7734 Steinkjer
Nord-Trøndelag Fylkeskommune	Fylkets Hus, 7735 Steinkjer
Statens Vegvesen, Region Midt,	Fylkeshuset, 6404 Molde
Telenor AS	Otto Nilsens vei 12, 7041 Trondheim
NTE	Sjøfartsgt. 3, 7736 Steinkjer
Jernbaneverket , Region Nord	Postboks 6019 , 7434 Trondheim
Saemien Sijte	7760 Snåsa
Steinkjer kommune	Kongens gt. 39, 7713 Trondheim
Verdal kommune	Nordgt. 63 på Verdal
Røra Bondelag v/ Anders Røflo	Floåsvegen 342, 7670 Inderøy
Røra Båtforening v/ Trond Bjørken	Utgardsvn. 4 , 7670 Inderøy
Røra idrettslag v/ Jan Egil Viken	Røravegen 285, 7670 Inderøy
Røra Fabrikker AS	Stasjonsvegen 21, 7670 Inderøy
Bernt Holtan	Stasjonsvegen 11, 7670 Inderøy
Bunnpris Røra AS	Hyllavegen 4 B
Jostein Gjermstad	Hasselvn.1, 7670 Inderøy
Ingrid Ester Nestvold	Røravegen 620, 7670 Inderøy
Inderøy kommune	ordføraren
Inderøy kommune	V/Bjarne Kvistad
Inderøy sokneråd ved kyrkjevergen	Vangsvegn 106, 7670 Inderøy
Røra Skole ved rektor	Enganveien 8
Austad Maskinstasjon AS	Lensmyra 40, 7670 Inderøy
Trønderavisa	
Inderøyningen	



X-7083600

X-7082400

X-7081

Plangrene

Astoria

M=1:10000

INDERØY KOMMUNE KOMMUNDELPLAN RØRA/HYLLA

1997 - 2011
Grunnlag: PBL, § 9-4, 1. ledd

1. BYGGEOMRÅDER

- Blankt: Friareal
- [Symbol]: Byggetype
- [Symbol]: Fritidstypisk, annet
- [Symbol]: OMF/Annenneffekt/bedrygning
- [Symbol]: Færingsmiddel/Annenneffekt/bedrygning
- [Symbol]: Fjernsilde
- [Symbol]: Sportsanlegg/utvidelse
- [Symbol]: Anleggsmass
- [Symbol]: Skole/leir, NI
- [Symbol]: Sykehjem
- [Symbol]: Ferieleirplass

2. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTOMR.

- [Symbol]: LNF-område

3. RÅSTOFFUTVINNINGSOMRÅDER

- [Symbol]: Kullsvet

4. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

- [Symbol]: RFFPA-område (Fiske, skiløyper, friluft, vann, utvidelse)

5. VIKTIGE LEDD I KOMMUNESYSTEMET

- [Symbol]: Hovedvei
- [Symbol]: Opplysningsvesen
- [Symbol]: Anlegg



- [Symbol]: Grense mellom kommuner
- [Symbol]: Begrensning av kommuner

LINJESYMBOLER

- [Symbol]: Distriktsgrense
- [Symbol]: Ferieleirsgrense

DIVERSE

- [Symbol]: Ferskvann



Saksprotokoll

Utvalg: Komité Organisasjon
Møtedato: 25.04.2007
Sak: 0027/07

Resultat: Innstilling vedtatt

Arkivsak: 05/01166
Tittel: SAKSPROTOKOLL: REVIDERING AV KOMMUNEDELPLAN
RØRA

Vedtak:

Planutvalet vedtar etter Plan og bygningslov §33-2/forskrift §6 planprogram for kommunedelplan Røra.

Innkommne merknader /forslag er sikra i planprogrammet og blir arbeidd inn i planutkastet.

Avstemning:

Enstemmig

Behandling i møtet:

30.04.07

Solbjørg Kirknes
Solbjørg Kirknes
sekr

REVIDERING AV KOMMUNEDELPLAN RØRA

Saksbehandler: Kristin Volden
Arkivsaksnr.: 05/01166-015

Arkiv: 503

Saksnr.:	Behandlingsorgan	Type avgjørelse	Møtedato
0008/07	Planutvalget	Innstilling	24.04.2007
0027/07	Komit� Organisasjon	vedtak	25.04.2007

RÅDMANNENS FORSLAG:

Planutvalet vedtar etter Plan og bygningslov §33-2/forskrift §6 planprogram for kommunedelplan R ra.

Innkommne merknader /forslag er sikra i planprogrammet og blir arbeidd inn i planutkastet.

RÅDMANNENS SAKSUTREDNING:**VEDLEGG:**

1. Terje Andersen, brev datert den 7.10.06
2. Inder y kommune, Referat fr  m tet med Bernt Holtan , datert den 23.02.07
3. Bernt Holtan, brev datert den 22.02.07
4. Advokatfirmaet Chistensen & Ertsaas Ans. Brev datert den 12.03.07
5. NTE, Brev datert den 2.03.07
6. Inder y Arbeidarparti, brev datert den 5.03.07
7. Jernbaneverket , brev datert den 20.03.07
8. Statens Vegvesen, brev datert den 21.03.07
9. Fylkesmannen i Nord-Tr ndelag , brev datert den 28.03.07
10. Nord-Tr ndelag Fylkeskommune, brev datert den 29.03.07
11. Koa G rd og Camping, brev datert den 29.03.07
12. Planprogram , utkast utsendt til h ring den 29.03.07
13. Kart over planområdet M= 1:2000
14. Eksisterande kommunedelplan R ra –planområdet 1: 15000

HENVISNING:**BAKGRUNN:**

Er milj�vurdering relevant? Kryss av: Ja Nei x
Dersom 'ja' fyll inn liste (lagret p� felles O:\skjema\milj.doc). Dersom 'nei' er liste ikke vedlagt.

I 2005 kom det ei ny forskrift under §33 i Plan og Bygningslova om konsekvensutredningar som innf rte planprogram som ein del av planprosessen til overordna plan. I forskrift for konsekvensutredningar er det sagt at form let til planprogram skal avklara rammer og premisser for planarbeidet. Kommunedelplan R ra er omfatta av forskrifta n r planen viser kart med juridiske bindande arealkategoriar etter PBL §20-4 og supplert med bestemningar om arealbruken.

Kommunedelplan R ra vart vedteken i 1998. Tanken var at kommunedelplanen skulle reviderast saman med arealplanen men p  grunn av lite innspel og avklaring om sm b thamn, er det aktuelt   kj ra kommunedelplanen som eigen planprosess.

Andre utfordringar i planprosessen kan vera utviding av industriområdet og ei framtidig arealdisponering kring Hellem, jernbanen og Røra fabrikkar.
 Dei overordna måla og rammene for planarbeidet er det sett opp i planprogrammet under punkt 3.

Planutvalet vil fungera som ei styringsgruppe for sjølve planprosessen.

Det er kome inn 11 merknader/innspele til planprogrammet.

VURDERING:

Vedlegg 1: Fines gnr 181/2:

Terje Andersen grunneiger av Fines ynskjer å leggja ut 8 dekar derav 6 dekar dyrka jord til bustadformål .

Området ligg nær skulen, og det er gang /sykkelveg til arealet. Utbygging av arealet kan stri mot det nasjonale jordvernet og det bør vurderast ut frå behov for nye einbustader på Røra. Byggeområde med formål bustadtomter blir vurdert under punkt 4 i planprogrammet.

Vedlegg 2, 3 og 4: Hellem gnr. 172/1:

Bernt Holtan eig og driv garden Hellem. I dei siste åra har stadig meir av dyrka arealet på bruket blitt omdisponert til vegutbygging og utviding av Røra Fabrikker. Brukaren kan vanskeleg sjå for seg drift av grisproduksjon midt i sentrum og stadig avsjå meir areal. Difor har han gjeve uttrykk for i møte med kommunen og via brev at heile området bør seljast dersom det er snakk om ytterleg areal. Det er mange sider som bør drøftast i ei slik sak, men det kan vera aktuelt å få avklart framtidig bruk av sentrum i ein prosess med kommunedelplanen.

Garden Hellem må vurderast med tanke på punkt 4 i planprogrammet med forskjellige byggeområde i sentrum.

Vedlegg 6 : Inderøy Arbeiderparti:

I eit av innspela kjem Inderøy Arbeiderparti med forslag om bustadbygging og forretning på dyrka areal mellom Hellemshaugen og E6. Dette arealet bør vurderast opp mot kjøp/sal av Hellem og dessutan bør det vurderast opp mot jordvernet og støysonegrenser for jernbane og E6.

Innspelet er sikra som innspel til planprogrammet under punkt 4.

Vedlegg 7 Jernbaneområdet :

Den lokale trafikken aukar på Trønderbanen, og dette medfører auka behov for parkering ved Røra stasjon. Dette bør løysast gjennom planprosessen for å få til god og kort avstand mellom buss og tog. Det kan vera aktuelt å flytta haldeplassen nordover til ny snuplass for buss. Den eksisterande stasjonsbygningen med parkanlegg kan i framtida bli eit viktig kulturminne i Nasjonal verneplan for kulturminne i jernbanen.

Innspelet blir vurdert i planprogrammet under punkt 4 om kommunikasjon og offentleg byggeområde.

Vedlegg 8 Statens Vegvesen:

Statens Vegvesen tilbyr tenester i samband med planlegging av gang/sykkelveg. Elles minner dei om rammeplanen for avkjørsler. Dette er lagt inn i planprogrammet under punkt 4 under viktige ledd i kommunikasjonssystemet etter §20-4, nr 6 og vil bli samordna med trafikksikringsplanen i kommunen.

Vedlegg nr 9 Fylkesmannen i Nord-Trøndelag :

Landbruksavdelinga minner om det innskjerpa jordvernet i brevet frå Landbruks- og miljøverndepartementet 21.02.2006.

Miljøvernavdelinga ynskjer at kommunen er tydeleg i forhold til nasjonal miljøpolitikk og retningslinjer som støy og barn og unge sine interesser. Planen bør også omhandla 2010 målet for biologisk mangfald og sjå særskild på fjære og grunnvassområda i Hyllbukta.

Dei ynskjer også at planforslaget skal stilla krav til innspel av private arealbruksendringar. Kommunal og administrasjonsavdelinga minner om samfunnssikring som er skissert under planprogrammet kap 3.3.

Det er vanskeleg å avgrensa planprogrammet i forhold til private interesser. I ein overordna planprosess er det viktig å få avklart alle aktuelle interesser slik at ein ikkje får reguleringsplanar og dispensasjonssøknader etterpå.

Vedlegg 10 Fylkeskommunen i Nord-Trøndelag:

Fylkeskommunen minner om avklaring av reguleringsplanar som skal gjelde og særskild behov for barnehageutbygging samt at alle grunneigarane blir rekna som samarbeidspartnarar. Når det gjeld kulturminne, ynskjer dei planbestemmingar med tanke på verneverdige kulturminne og landskap både innanfor LNF-område og byggeområde som til dømes til Hylla og Salberg kyrkje.

Uttalen frå fylkeskommunen blir sikra i planprogrammet under punkt 4 der både byggeområda og LNF-område blir vurdert ut frå arealkategoriar, planbestemmingar og retningslinjer.

Vedlegg 11 Koa gård gnr. 180/1:

Ingrid Nestvold, grunneigar av Koa viser til at campingplassen på Koa treng areal for utviding både til drift og parkering.

Når det gjeld båthamn, er det ikkje ynskjeleg med ei stor marina tett til campingplassen, men det kan vera behov for ei mindre brygge for båtar til utleige.

Innkome merknader blir vurdert i planprogrammet under punkt 4 om byggeområde for campingplass og særskild bruk og vern av sjø.

KONKLUSJON:

Planprogrammet for kommunedelplan Røra har vore ute til høyring og offentleg ettersyn. Det er kome fleire innspel og merknader som er sikra i planprogrammet og vil gje eit godt utgangspunkt for utarbeiding av planutkast til kommunedelplan Røra

Inderøy, den 10.04.2007

Jon Arve Hollekim/s/
rådmann

REVIDERING AV KOMMUNEDELPLAN RØRA

1.	Terje Andersen, Fines	Ynskjer ca. 8 dekar omdisponert jordbruksareal omdisponert til bustadformål.
2.	Inderøy kommune	Referat frå møte med Bernt Holtan den 23.02.2007
3.	Bernt Holtan, Røra	Argumenter for salg av gårdsområdet på Hellem.
4.	Advokatfirmaet Chistensen & Ertsaas ANS	Erverv av grunn fra gårdsbruket Hellem
5.	NTE	Ingen merknader, sendt med kart over høgspentledninger
6.	Inderøy Arbeiderparti	Forslag til regulering av nye bustadtomter
7.	Jernbaneverket	Ønske om område for samferdsel ved jernbanestasjonen.
8.	Statens Vegvesen	Tilbyr assistanse ved utarbeiding av planen, minner om rammeplan for avkjørsler.
9.	Fylkesmannen i Nord – Trøndelag	Minner om nasjonale retningslinjer innenfor jordvern og kulturlandskap. Støy og biologisk mangfald.
10.	Nord Trøndelag Fylkeskommune	Ønsker behov for barnehage vurdert i planen og at alle beboerne er involvert i planprosessen. Minner om kulturminner og kulturlandskap innenfor området.
11.	Koa Gård og Camping.	Ønsker parkering og campingformålet utvidet .
12.	AS Røra Fabrikker	Ønsker mer areal nordover regulert til næringsformål

11

INDERØY KOMMUNE	
NÆRINGS- OG EIENDOMSAVD.	
Saksbeh. <u>KRV</u>	Kopi _____
1. 2006	
Emnekode <u>503</u>	
Obj.kode _____	
Arkivsaksnr. <u>05/01166-3</u>	

Inderøy kommune
Teknisk Etat

7670 Inderøy

Røra 07.10.06

Eiendommen Fines gnr./bnr. 181/2 - Røra

I forbindelse med revidering av kommunenes arealplan, fremsettes det på nytt ønske om og regulere noe av eiendommen til byggefelt for eneboliger.

Formålet er fradeling av 6 tomter for oppføring av enebolig, samt nødvendige arealer til fellesområder, fritidsaktiviteter og lekeplass. Det ønskede reguleringsfelt ønskes plassert Vest på eiendommen og mot eiendommen gnr./bnr. 157/1

Prosjektet planlegges med eneboliger av standard utførelse.

Forespørselen har blitt fremmet tidligere med negativt tilsagn. I ettertid er det derimot kommet nye aspekter som jeg mener danner grunnlag for en ny vurdering. J.fr forlag til ny arealplan påpekes det at det er lite tilgjengelige tomter på Røra. (Ref. søknad fra Lorås gnr./bnr. 160/1.)


I tillegg er det siden forrige forespørsel blitt ferdigstilt gang-/sykkelvei langs riksvei 755, slik at adkomst til skole, barnehage og idrettsanlegg er sikret uten at skolebarn og øvrige ikke kommer i kontakt med riksvei 755. Den aktuelle strekningen er i tillegg oppgradert hva angår trafikklys, og fremstår i dag som en trygg og oversiktlig strekning for alle fotgjengere.

Tidligere ble det påpekt at et boligfelt i dette området ville fragmentere Røra som sentrum. Dette mener jeg også bør vurderes på nytt ut fra det faktum at Offentlige funksjoner som skole, barnehage og idrettsanlegg ligger innenfor en radius på 400-800 meter. I tillegg ligger både buss og jernbane innenfor gangavstand. Med grunnlag i dette mener jeg det er lite arealer i området som har en nærmere tilknytning til offentlige sentrumsfunksjoner.

Vedlagt følger kart over området med inntegnet reguleringsområde.


Ber om at forespørselen blir tatt opp til ny vurdering, og blir innlemmet i den nye arealplanen.

Med vennlig hilsen



Tørje Andersen Jr
Fines

7670 Inderøy





Bernt Holtan

Vår dato: 23.02.2007

Hellem

Deres ref.:

7670 INDERØY

Emnekode: 503
Saksnr. 05/01166-006

Saksbehandler:
Kristin Volden

REVIDERING AV KOMMUNEDELPLAN RØRA

Referat frå møte med Bernt Holtan om garden Hellem gnr. 172/1 på Røra.

Møtedato: 22.02.2007-02-23

Møtestad: Næring og eiendom

Med på møtet: Bernt Holtan, grunneigar
Svein Jørum, ordførar
Jon Arve Hollekim, rådmann
Rikke Haave, enhetsleder
Kristin Volden, referent

Inderøy kommune har starta opp revidering av kommuneplan Røra og har sendt ut planprogrammet på offentlig høyring med frist 1.april 2007. Mellom anna er programmet sendt både til Bernt Holtan og Røra Fabrikker AS.

Bernt Holtan har på denne bakgrunn bedt om møte for å få tilbakemelding på korleis situasjonen for bruket er.

Ordføraren fortalde at både han og rådmannen hadde hatt kontakt med fabrikk. Fabrikkleiinga signaliserer eit kortsiktig behov for utviding av industribygget med 200m² mot gardstunet og langsiktig ynskje om at arealet med gardstunet Hellem blir regulert til industriformål.

Bernt Holtan gav uttrykk for at han ikkje kan akseptera kortsiktige løysingar – som til dømes måtte innebera at fabrikkbygningen kjem nærare gardstunet før ei samla, langsiktig løysing er på plass. Holtan leverte eit notat som klarlegg familiens posisjon og forventning til ei samla løysing. Dette blir journalført som eit innspel til kommunedelplan Røra og ligg ved dette referatet.

Ordføraren orienterte også Bernt Holtan om at han hadde fått innspel frå Røra på bustadformål på det nygrøfta arealet nord for tunet. Dette vart teke til etterretning.

Adresse:	7670 Inderøy	Bankforb.:	Sparebanken Midt-Norge	Konto for skatt:	7855 05 17298
Telefon:	74 12 42 00		Avd. Inderøy	Bankgiro:	4451.06.00662
Telefaks:	74 12 42 19		7670 Inderøy	Organisasjonsnr.:	NO 963 955 162 mva.
E-post:	postmottak@inderoy.kommune.no				

Møtet vart samde om vidare framdriftsplan:

- Ordføraren/rådmannen tar kontakt med Røra Fabrikker AS og ber om at signaliserte arealbehov eventuelt vert tydeliggjort som innspel til kommunedelplanen innan fristen 1. april.
- Kommunen orienterer Bernt Holtan særskilt om innspel og vedtak i planprosessen med kommunedelplan Røra og som vedrører garden.
- Kommunen tar initiativ til møte mellom partane på eit høveleg tidspunkt.

Med venleg helsing


Kristin Volden

Tlf. 741 24 281

Referatet sendt på e-post til ordførar, rådmann og enhetsleder Haave

Argumenter for salg av gårdsområdet på Hellem

INDERØY KOMMUNE	
NÆRINGS- OG EIENDOMSAVD.	
Saksbeh. <u>KRV</u>	Kopi _____
23 FEB. 2007	
Emnekode <u>503</u>	
Obj.kode <u>Etta</u>	
Arkivsak.nr. <u>05/01166-5</u>	

Hvorfor ikke bygge på egen grunn?

- Blir ikke aktuelt fordi:
 1. lite framtidsetta
 2. nærme veg, skole og boligfelt
 3. vanskelig adkomst

Hvorfor ikke oppgradere der vi er no?

1. Gården ligger midt mellom fabrikk, butikk, jernbane og E6 så det er ikke mulig med utbygging opp mot konsesjonsgrensa, I tillegg vil det være svært lite framtidsetta
2. Det er søkt fabrikk tidligere om å få bygge ut driftsbygningen mot fabrikk. Det vart avslått.
3. Fabrikk har lufta for kommunen og oss på Hellem at det kan bli aktuelt å bygge ut. I første omgang nytt lager mot gården. (Det vil vi sette oss sterkt imot, da vi syns vi har "naboen" nærme nok som det er. Naboforholdet er det for øvrig ikke noe å klage på)

Hva har vi "ofra" for storsamfunnet

1. 1903/04 gården flytta pga at jernbanen kom rett gjennom gårdstunet
2. Avsto tomt til meieri/ konservesfabrikk ca. 1920 + hele sentrumsområde på Røra med butikk, skole, forsamlingshus og boliger
3. Fratatt 100 dekar med utmark/hamning til kommunen for bygging av boliger i 1972/75
4. Har avstått grunn til bygging av gang- og sykkelstier.
5. Avstår no grunn til ny E6 gjennom Røra Ca 20dekar

Fakta om gården i dag

1. Gården har i dag 130 dekar
2. Forpakter 40 dekar av kommunen, 200 dekar en nabo og 74 dekar fra en annen Det blir drevet med kornproduksjon på hele arealet.
3. Driftsbygningen er oppsett i 1948 og 1963 og vart omgjort til gris i 1972. Vart restaurert på 80-tallet for fødeavd. i 2 etg. og talle i 1995.
4. Det er no ett stort behov for å ruste opp og bygge ut for å fortsette, og da særlig med tanke på livdyrsalg
